




# Retningslinjer for tildeling av tilskott til berekraftig samfunnsutvikling



Vedtatt av kommunestyret

23.03.2023



# Innholdsfortegnelse

Side | 1

Innholdsfortegnelse .....	1
1. Heimel .....	2
2. Føremål.....	2
3. Prioriterte tiltak.....	2
4. Søknadsprosess .....	3
5. Beløp for tildeling av støtte til næringstilskot.....	3
6. Utbetaling av tilskott .....	4
7. Bortfall av tilsegn om tilskott .....	4

# 1. Heimel

Retningslinjer for tildeling av tilskott frå næringsfondet skal vere innafor dei gjeldande rammene i heimelsgrunnlaget:

- Lov om offentleg støtte og EØS-avtalen artikkel 61
- Rundskriv om standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker (kraftfond og hjemfallsfond, rundskriv H1/11 frå Kommunal og regionaldepartementet, november 2011
- Vedtekter for Næringsfond for Vang kommune, vedtatt av kommunestyret i sak KS-050/15

## 2. Føremål

Vedtektene for Næringsfondet har som føremål å fremja utviklinga av Vang kommune gjennom økt busetting og næringsverksemd. Føremålet med Retningslinjer for tildeling av tilskott til berekraftig samfunnsutvikling er å gje formannskapet, administrasjonen og lokale verksemder tydelege og føreseielege retningslinjer for søknadsprosess, behandling og kriteria for tildeling av tilskott. Tilskotta har som mål å gi insentiv til innovasjon og nyskaping, vekst, skalering og omstilling hjå lokale verksemder. Kommunen ynskjer gjennom dette å leggje til rette for god samfunnsutvikling, lokal sysselsetting og utvikling av eit berekraftig samfunn med gode tenestetilbod til innbyggjarane.

## 3. Prioriterte tiltak

Vang kommune vil gjennom næringstilskot prioritere støtte til fylgjande tiltak:

- Tiltak som sikrar eller aukar arbeidsplassar i eksisterande verksemd gjennom å utvikle eller omstille verksemda i ei meir framtidretta og berekraftig retning
- Tiltak for å etablere ny verksemd og nye arbeidsplassar innan områder som støttar opp om kommunen sitt framtidige tenestetilbod, folkehelsearbeid og lokal eller del av regional samfunnsutvikling
- Tiltak eller prosjekt for å auke kompetanse i verksemda innan framtidretta og samfunnsnyttige fagområde samt tenesteytande og kreative næringar.
- Tiltak som har stor positiv verknad på Vang kommune sitt arbeid med å nå måla innan berekraftig samfunnsutvikling. Berekraftsmåla er ordna i tre dimensjoner for berekraftig utvikling; klima og miljø, økonomisk berekraft og sosial berekraft. Tiltak som har tydeleg

positiv effekt på ein eller fleire av disse dimensjonane vil få høgare prioritet og moglegheit for tilskot.

- Tiltak for arbeidsplassar spesielt tilrettelagt for sysselsetting av kvinner, ungdom, unge vaksne og arbeidstakarar med behov for ekstra tilrettelegging
- Tiltak, prosjektering og kompetanseheving innan energiøkonomisering (ENØK). Søknad om støtte til ENØK-tiltak skal innehalde ei fagleg utgreiing og vurdering av tiltaket.

Side | 3

Som stadfesta i heimelsgrunnlaget skal det ikkje bli gjeve tilskot til

- sletting av gjeld
- finansiering av den ordinære drifta av verksemda
- finansiere vedlikehaldskostnader
- finansiere lausøyre, maskinar, køyretøy m.v.

Ingen søkjar har krav på tilskot.

## 4. Søknadsprosess

Søknadsskjema skal sendast til næringsutviklar i Innovangsjon SA i det format og med dei krav som til ein kvar tid gjeld. Næringsutviklar i Innovangsjon vil rettleie søkjar i utfylling av søknad og kvalitetssikre innhaldet. Søknaden sendast så frå søkjar til postmottaket i Vang kommune [postmottak@vang.kommune.no](mailto:postmottak@vang.kommune.no). Søknadane blir behandla fortløpande av kommunedirektør og formannskapet. Søknad skal sendast før tiltaket blir igangsett.

## 5. Beløp for tildeling av støtte til næringstilskot

Formannskapet kan tildele tilskott på opp 25% av kostnaden for tiltaket, og maksimalt 500.000 kroner.

Kommunedirektøren kan tildele tilskott på opp 25% av kostnaden for tiltaket, og maksimalt 50.000 kroner.

Ved vurdering av kor stort tilskot som skal gjevast, skal det leggjast vekt på verdien tiltaket har Vang kommune og i kva grad tiltaket er i tråd med prioriteringane i punkt 3. Vidare skal tilskotet vurderast i høve til søkjaren si eiga evne til å finansiere prosjektet, og eventuelle andre offentlege eller private tilskot. Ved eventuelle andre offentlege må det takast omsyn til regelverk for samla offentleg støtte.

Årleg budsjettramme for denne tilskotsordninga blir fastsett av Vang kommunestyre gjennom budsjettvedtaket og innafør ramma i heimelsgrunnlaget.

Ved underforbruk av tildelte midlar skal attståande fondsmidlar overførast og ligge att i fondet.

Side | 4

## 6. Utbetaling av tilskott

Utbetaling av tilskot skjer etter gjennomført tiltak ved å sende inn skjemaet Søknad om utbetaling av næringstilskot til Postmottak Vang kommune.

Prosjektrekneskap med tilhøyrande fakturaer skal leggjast ved. Etter ynskje frå søkjar kan inntil 50% av tilsagt beløp tilvisast når minst ein tilsvarande del av tiltaket er dokumentert gjennomført. Formannskapet kan ved særskilde tilfelle vedta at 50% av tilskottet kan utbetalast før tiltaket er påbegynt.

## 7. Bortfall av tilsegn om tilskott

Dersom søkjar ikkje tek skriftleg kontakt med kommunen innan to år etter at vedtak om tilsegn er gjeve, fell dette automatisk bort.

Kommunen kan ved særlege høve forlenge fristen for utbetaling med inntil eitt år.